

## Trafikkopplæringsplan for Knappskog skule.



### Om Knappskog skule

Knappskog skule er ein barneskule med ca 180 elevar fordelt på sju trinn. Skulen ligg i Fjell kommune utanfor Bergen. Skulen ligg landleg til, men har ein veldig trafikkert veg like i nærleiken. Mange av elevane har lang skuleveg og for ein del av dei er delar av denne skulevegen farleg. Skulen har elevar som går, sykklar, blir køyrd av foreldra og kjem med skulebuss til og frå skulen.

### Målsetjing for trafikkopplæringa

Målet for trafikkopplæringa ved skulen er å lære elevane (og foreldra) ansvarsfull oppførsel i høve til trafikkbilete dei ferdast i til og frå skulen, men og på fritida slik at ingen elevar eller vaksne tilknytt skulen vår skal bli drepen eller skadd i trafikken. Vi må gje elevane kunnskap og ferdigheiter og utvikle positive haldningar til ein ansvarleg åtferd i trafikken.

## **Kunnskapsløftet**

### **Kompetansemål etter 4. trinn.**

- Elevane skal kunne følge trafikkreglane for fotgjengare og syklistar. (Kroppsoving)
- Gjere samfunnsfaglege undersøkingar som krev teljing og rekning, og presentere desse undersøkingane. (Samfunnsfag).
- Lage ei oversikt over reglar som regulerar samhaldet mellom menneske, og konsekvensar ved å bryte normene. (Samfunnsfag).

### **Trygg trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa:**

- 1. trinn: Trafikktrening i skulens nærområde.
- 2. trinn: Enkle trafikkreglar. På skulevegen: gåløype og gåprøve.
- 3. trinn: Undersøkingar av eigen skuleveg, teljingar og registreringar.
- 4. trinn: Trafikkreglar. Førebuande sykkelopplæring: enkel teori og trening i trygge omgjevnader.

### **Kompetansemål etter 7. trinn.**

- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

### **Trygg trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa:**

- 5. trinn: Trening på sykkel i enkel trafikk, saman med ein vaksen.
- 6. trinn: Teori og trening på sykkel i krevjande trafikk.
- 7. trinn: Sjølvstendig sykling i trafikken.

### **Retningslinjer på skulen.**

I ordensreglementet til skulen står det: ”Elevane kan sykle til skulen etter avtale og ansvar frå foreldre når dei går i 5. klasse.”

Skolen har og utarbeidd rutiner for sikkerheit når dei er på turar (sjå siste side).

## **Undervisningsmaterieil**

Skulen har to klassesett med Trafikkboka til Trygg trafikk. Eit på bokmål og eit på nynorsk. I sykkelopplæringa brukar ein hefta ”Trå til” sykkelhefte 1 og 2.

Nyttige nettsider er:

[www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

[www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

Skulen har og eit godt samarbeid med det lokale politiet som kjem innom og pratar med elevane om ulike tema etter behov.

## **Hovudtema for trinna**

### **1. trinn:**

**Mål:** Elevane skal kunne gå trygt i ei stor gruppe i trafikken og kunne refleksbruk.

#### **Tiltak og aktivitetar:**

- Utdeling av refleksvestar om hausten.
- Deltar på refleksdagen og gådagen i oktober.
- I løpet av året går heile klassen rundt og ser kor alle bur. Snakk om farlege trafikkfeller undervegs på turen.
- Gåtrening i området rundt skulen.
- Refleksvestar skal brukast på alle turar klassen er på.
- Samtalar om skulevegen og kva dei må passe seg for jamleg gjennom året.
- Arbeide med kapittel 1 Den viktigaste trafikkregelen og 4 Refleks i Trafikkboka.

#### **Undervisningsmateriell:**

- Trafikkboka
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

### **2. trinn:**

**Mål:** Elevane skal lære å fylgje trafikkreglar for fotgjengarar, og vite korleis ein skal oppføre seg i og utanfor ein buss.

#### **Tiltak og aktivitetar:**

- Deltok på refleksdagen og gådagen i oktober.
- Gåtrening i nærområdet.
- Gjennomføre ein gåprøve.
- Refleksvestar skal brukast på alle turar klassen er på frå oktober til mars.
- Gjennomføring av ein busstur i samband med ein ekskursjon.
- Arbeide med kapittel 2 Gå i trafikken og 6 Buss i Trafikkboka.

#### **Undervisningsmateriell:**

- Trafikkboka
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

### **3. trinn:**

**Mål:** Elevane skal erfare kor viktig det er med refleks for at en fotgjengar skal bli sett i trafikken. Vite kva ein må tenkje ekstra på i trafikken om vinteren.

#### **Tiltak og aktivitetar:**

- Deltek på refleksdagen og gådagen i oktober.
- Gjennomføre ein refleksdemonstrasjon for elevane.
- Gjennomføre ei reflekssteljing på skulen.
- Arbeide med kapittel 3 Syn og hørsel og 5 Vinter i Trafikkboka.

#### **Undervisningsmateriell:**

- Trafikkboka
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

### **4. trinn:**

**Mål:** Elevane skal kunne trafikkreglar for gåande og sykkistar, kunne rett bruk av sykkelhjelm, kunne tekniske ferdigheiter som blir kravd for å ferdast trygt med sykkel i trafikken, åleine og i gruppe. Kunne trafikkskilt som fins på skulevegen.

#### **Tiltak og aktivitetar:**

- Arbeide med kapittel 7 Trafikkskilt og 8 Sykkel i Trafikkboka.
- 2 – 4 veker med praktisk øving til sykkelprøven på skulen.
- Sykkelkontroll, praktisk sykkelprøve og hjelmbruk blir gjennomført om våren.
- Trafikkveld med praktisk sykkelprøve blir gjennomført innan utgangen av mai.
- Bruke Trå til – sykkelhefte 1.

#### **Undervisningsmateriell:**

- Trafikkboka
- Trå til – sykkelhefte 1
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no) For 5. – 7. trinn Sykkel 1, om utstyr på sykkelen.
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

## **5. trinn:**

**Mål:** Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

### **Tiltak og aktivitetar:**

- Inngå avtale om hjelmbruk når sykkel blir brukt til og frå skulen.
- Repetisjon av Trå til – sykkelhefte 1.
- Film om hjelmbruk ”Bare en liten tur” og demonstrasjon av egg i hjelm blir gjennomført om hausten.
- Samtalar om skulevegen og kva dei må passe seg for når dei sykklar.
- Gjennomføre ein felles sykkeltur i nærområdet.

### **Undervisningsmaterieill:**

- Trå til – sykkelhefte 1
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkclubb.no](http://www.barnastrafikkclubb.no)

## **6. trinn:**

**Mål:** Elevane skal kunne gjennomføre sykkelprøve 2, teori og praksis. Kunne noko om enkelt vedlikehald av sykkel.

### **Tiltak og aktivitetar:**

- Det blir arbeidd med ”Trå til” sykkelhefte 2.
- Det blir gjennomført felles sykkeltur der ein ser etter farlege/utfordrande trafikksituasjonar undervegs.
- Har fortsatt fokus på hjelmbruk.
- Gjennomføring av praktisk sykkelprøve 2.

### **Undervisningsmaterieill:**

- Trå til – sykkelhefte 2
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkclubb.no](http://www.barnastrafikkclubb.no)

## 7. trinn:

**Mål:** Elevane skal kunne kjenne godt til trafikkfarlege stadar i nærområdet. Kunne planleggje og lage sine egne refleksprodukt.

### **Tiltak og aktivitetar:**

- Kartleggje trafikkfarlege stadar i nærmiljøet og presentere dei i plenum, gjerne i grupper.
- Gjennomføre samtaler om haldningar i trafikken.
- Gjennomføre ein sykkelturn for heile trinnet.
- Planleggje og lage sine egne refleksprodukt i kunst og handverk.

### **Undervisningsmateriell:**

- Trå til – sykkelhefte 2
- [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
- [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)
- [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

**For å nå målet er det viktig at elevane får jamn og god trafikkopplæring på alle trinn. Små drypp med teori og ikkje minst praktisk trening fordelt utover skuleåret må til for å ferdast trygt i trafikken.**

